

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2021/980-1

Saksbehandlar

Grete Solheim

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	25.03.21

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 -2033 høyring

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Kvinnherad kommune tek framlegg til regional plan for innovasjon og næringsutvikling til vitande, og gir uttale som vist i saksutgreiinga.
2. For at Kvinnherad kommune skal lykkast innan næringsutvikling er det to hovudmålsettingar som peikar seg ut:
 1. Tilrettelagt og opparbeida næringsareal
 2. Korte ned reisetida til og frå kommunen, samt internt i kommunen

Saksutgreiing:

Fylkesutvalet i Vestland vedtok i møte 1 9.01 .21 å sende planen «Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033» i Vestland fylke på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfristen er 26. mars 2021 . Planen byggjer på mål og prinsipp slått fast i Utviklingsplanen for Vestland 2020- 2024.

Planen har tre satsingar:

- Grøn næringsutvikling
- Innovative og inkluderande samfunn
- Areal for næringsutvikling

Fylkeskommunen ønskjer innspel på planen og handlingsprogrammet. I brevet frå fylkeskommunen står det skrive; "Planen «Berekraftig verdiskaping» med tilhøyrande handlingsprogram er fylket, ikkje berre fylkeskommunen sin plan for innovasjon og næringsutvikling."

Det er gjennomført regionalt høyringsmøte (digitalt) for m.a. Kvinnherad den 11. mars. i lag med kommunane i Sunnhordland.

Vurdering: I høyringsbrevet stiller fylkeskommunen følgande spørsmål spesielt til offentlege verksemder: Korleis kan planen fungere som overordna plan for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, på ein slik måte at til dømes kommunar berre treng utvikle eigne handlingsplanar?

Vår vurdering er at ein slik plan laga for eit fylkeskommunalt nivå på mange punkt vil kunne fungere som eit utgangspunkt for kommunal planlegging. Supplert med gode analyser og temaplaner for ulike næringar kan dette utgjere eit godt grunnlag for handlingsplanar i den enkelte kommune.

Høyringsuttale til regional plan og handlingsprogram frå Kvinnherad kommune:

Temamål: Rett areal til rett føremål til rett tid.

For ein distriktskommune som Kvinnherad må det vere mogleg å kunne nytte det overskotet vi har på areal. Vi legg i kommunen sin samfunnsplan opp til «beredskap for flaks» Det vil seie at vi må kunne sette av store areal til næringsføremål utan at vi veit akkurat kva og når den eksakte etableringa kjem. Vi treng fleksibilitet i planane. Arbeidet med batterifabrikk er eit godt døme på dette. På dette området kan og bør ein distriktskommune ha andre føringar enn ein storby som Bergen. Vi må kunne nytte heile verktøykassa som ligg i plan og bygningslova. Vi treng ein Fylkeskommune som legg til rette for dialog og møteplassar og som blir oppfatta som ein samarbeidspartnar og medutviklar.

Kompetanse:

Folk må kunne ta utdanning der dei bur, elevar ved KVV har høg fullføringsgrad og det lokale næringsliv er flinke til å tilby ungdommen lærlingkontraktar. Ei vidareføring av dette fundamentet er å tilby fagutdanningar lokalt. Det kjem etter kvart mange digitale studietilbod frå regionale og nasjonale utdanningsinstitusjonar, i tillegg må vi ha lokale møteplassar. Studiesentra i kommunane, kan ta ei slik rolle, men treng då ei viss form for grunnfinansiering. Kompetanse og utdanning er for lite skildra i planprogrammet. Skal vi lykkast med grøn omstilling, digitalisering og innovasjon er det viktig med desentrale utdanningstilbod. Vidare er nærleik til offentlege funksjonar som til dømes Innovasjon Norge svært viktig for å sikre ei god fasilitering og tilrettelegging for innovasjonsprosessar.

Kortreist kraft

Vasskrafta må nyttast nær produksjonskjelda for auka verdiskaping og etablering av bedrifter. "Kortreist" kraft er god klimapolitikk. Ein får mest samfunnsnytte for ressursane ved å nytta dei til produksjon lokalt nær kraftkjelda. Kvinnherad har god tilgang på kraft, areal og industriell kompetanse. Etablering av grøn næringspark på Husnes er eit viktig steg for å posisjonere seg i høve til grøn omstilling.

Samferdsel

Ein av den viktigaste konkurransefaktorane for næringslivet i Kvinnherad er å korte ned reisetida til og frå kommunen. Dette betyr at vi må ha effektiv påkopling mot E134 og E39. I dag slit vi med ei lang ferjestrekning sør i kommunen og dårleg vegstandard mot Odda. Skal ein lykkast med å få dei unge til å etablere seg i kommunen er offentleg kommunikasjon til Bergen avgjerande. God kommunikasjon og framkommelighet vil og vere avgjerande for å etablere ein felles bu og arbeidsmarknad i Sunnhordland og Hardanger. Fjordmetro og mobiliseringsstrategiar er lokale initiativ som må følgast opp regionalt. Båtrute mellom Bergen og kommunen kan nyttast som pilotsatsing når det gjeld nye utsleppsfrie framdriftssystem innan t.d. elektrifisering eller hydrogen.

Det er viktig for vidare utvikling at det vert ei omlegging av transportsystemet frå veg til sjøtransport. Det vil styrka vestlandsindustrien si satsing på grøn maritim industri, samstundes som utfordringar med press på landevegane vert avhjelpne.

Temaplanar

Kvinnherad har nett vedteke temaplan for reiseliv, vi ønskjer å delta i felles satsingar innan besøksforvaltning og berekraftig reiseliv. Vi ser eit stort potensiale for framtidig vekst og moglegheiter for synergjar til andre bransjar

Vasskraft, industri, reiseliv og landbruk er svært viktige næringar for mange kommunar i Vestland. Det oppmodast om at desse næringane får stor merksemd, og då helst gjennom eigne temaplanar og strategiar.

Fleire representantar frå distrikta må få vere med i arbeidsgrupper og utval..

Dei enkelte næringane har såpass stor kompleksitet at dei fortener sin eigen plan.

Desentrale arbeidsplassar

Eit viktig verkemiddel for å ta heile fylket i bruk er å flytta statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til distrikta, for eksempel delar av verkemiddelapparatet til Innovasjon Norge. Dette vil kunne bidra til store synergieffektar både for næringslivet og Vestland fylke som heilskap. Det blir oppmoda om at det blir utvikla ein plan/strategi for desentralisert fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar i dei større regionsentra (døme; Odda, Husnes, Stord)

Økonomisk konsekvens:

Driftskonsekvensar; Forventa kommunal deltaking i arbeid med dei ulike temamåla i handlingsprogrammet.

Miljømessig konsekvens:

Ikkje vurdert

Vedlegg: Høyring – Regional plan
Høyring – Handlingplan
Utviklingsplan for Vestland